



MØTEBOK

Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 16.09.20 klokka 18.00

Stad: E-postmøte

Til stades på møtet: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Håkon Småbrekke, Randi Legård

Saker til styremøtet

Sak 57/20: Tiltak for auka felling i jakta 2020

Sak 58/20: Tilretteleggjing for jegerar

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møte.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/ Håkon Småbrekke/s/ Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.rolidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: rolidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Sak 57/20: Tiltak for auka felling i jakta 2020

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Torsdag 10 september vart det påvist ei positiv skrantesjukeprøve på ein vaksen bukk felt i Vinje kommune på Hardangervidda.

Mattilsynet har etter dette gått ut og oppfordra sterkt til å få teke flest moglege prøver under ordinær jakt på Hardangervidda. Det blir spesielt peika på viktigeiten av å få inn lymfeprøver frå alle felte dyr i tillegg til hjerneprøver.

Vurdering av lokale tiltak:

Fjellstyra på Hardangervidda har gått ut med informasjon om godtgjering til den statsallmenningjegeren som måtte felle eit dyr med positiv prøve. Dette for å kompensere for ulemper det medfører å felle eit slikt dyr. I tillegg har det kome opp forslag frå fleire hald om å gjere det lettare for jegerar å jakte på tvers av grenser.

Å opne grenser mellom private og statsallmenningar er ikkje lett å få til, men statsallmenningane kan relativt enkelt opne sine grenser for å gjere det lettare å jakte i grenseområde.

Erfaringsmessig så reiser ikkje jegerar langt vekk frå sine egne jaktområde, men ein kan forvente noko effekt i grenseområde der ein kan gå inn på naboallmenning for å jakte.

I den situasjonen ein er inne i vil det vere viktig å vise vilje til å kome med tiltak for auka felling. Om ein får det store utbyttet av tiltaka er meir uvist, men ein har i alle fall vist vilje til å ta dei grepa som er moglege på kort sikt.

Sakshandsamar vil føreslå fylgjande tiltak som vil omfatte Ullensvang, Røldal, Eidfjord og Øvre Numedal:

1. Alle som har utskrive jaktkort frå fjellstyret i ein av dei fire Statsallmenningane nemnd over kan nytte desse fritt på heile arealet til dei fire Statsallmenningane.
2. Alle som har kort på ein av dei fire Statsallmenningane nemnd over får fullmakt av det aktuelle fjellstyret til å overføre kortet/korta sine til andre med kort frå det same fjellstyret. Dette kan gjerast uavhengig av tidlegare inngåtte jaktlagsavtaler.
3. Alle fredningssoner opphevast ut jakta 2020.

Dersom dette skal fungere er det viktig at vedtaka vert gjort så enkle som råd og at dei er moglege å gjennomføre. Ein ber derfor fjellstyra tenke nøye gjennom eventuelle innskrenkingar og lokale tilpasningar som kan vanskeleggjere eit eventuelt samarbeid. Skal dette ha nokon som helst effekt må vedtaka gjerast no. Blir det mykje att og fram med ulike lokale tilpasningar vil tida fort gå frå oss. Alle fjellstyra har munnleg gjeve tilbakemelding om at vedtak kan gjerast ila dagen/kvelden dd.



Referat:

Kommentarar frå Tor Helge:

- Punkt 1: Følgjer argumentasjonen over. Ein kvar prøve ein greier å samle inn i løpet av ordinær jakttid er potensielt ein prøve ein slepper å ta gjennom vinterjakt. Å opne grensene må vera eit positivt tiltak m.t.p. å auke fellingsprosenten.
Eg likar ikkje tanken på at dette også vil auke avskytninga av simla og kalv. Vurderer det likevel slik at det er begrensa kor mykje skade ein får gjort no når det berre gjenstår 14 dagar. Det viktigaste no er, som nemnt over, å vise vilje til å kome med tiltak for auka felling av bukk.
- Punkt 2: har me allereie vedtatt i vår – jegerar som har kort merka HA280 kan vederlagsfritt overføre dette med eigen fullmakt til andre jegerar med kort merka HA280.
- Punkt 3: er egentlig ikkje relevant for oss, då me ikkje har fredningssone i år.

Framlegg til vedtak:

1. Røldal Fjellstyre opnar for full samjakt med alle jegerar som har utskrive jaktkort frå fjellstyret i Ullensvang, Eidfjord eller Øvre Numedal. Vilkåret for samjakta er at tilsvarande vedtak vert gjort av fjellstyra i Ullensvang, Eidfjord og Øvre Numedal.
2. Alle jegerar med fellingsløyve merka HA280 får fullmakt av Røldal Fjellstyre til å overføre jaktkorta til andre jegerar med jaktkort merka HA280.
3. Jegerar som kan benytte seg av samjaktavtala, kan jakte fritt på heile arealet til Røldal Statsallmenning. Det er ingen fredningssonar ut jakta 2020.

Vedtak:

1. Røldal Fjellstyre opnar for full samjakt med alle jegerar som har utskrive jaktkort frå fjellstyret i Ullensvang, Eidfjord eller Øvre Numedal. Vilkåret for samjakta er at tilsvarande vedtak vert gjort av fjellstyra i Ullensvang, Eidfjord og Øvre Numedal.
2. Alle jegerar med fellingsløyve merka HA280 får fullmakt av Røldal Fjellstyre til å overføre jaktkorta til andre jegerar med jaktkort merka HA280.
3. Jegerar som kan benytte seg av samjaktavtala, kan jakte fritt på heile arealet til Røldal Statsallmenning. Det er ingen fredningssonar ut jakta 2020.

Samrøystes.



Sak 58/20: Tilrettelegging for jegerar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Eit anna tilretteleggingstiltak fjellstyret kan gjere, er å tilby overnatting til utanbygdsjegerar på Ninive. Då også jegerar som benyttar seg av samjaktavtalen.

Hytta står tom. Jaktmessig er det gunstig å spreie jegerane rundt i terrenget. Ingen av jegerane som har fellingsløyve på HA280, har vist interesse for å overnatte på Ninive. Ein kan difor vurdere å tilby overnatting til ei større gruppe jegerar etter same reglar som tidlegare. Med veret dei siste dagane, er det ikkje utenkjeleg at det vil vera dyr i desse områda.

Lokale jegerar bør få fortrinn, men må gje tilbakemelding snarast om dei ynskjer å benytte hytta.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret opnar for at jegerar som har samjaksavtale med Røldal Fjellstyre kan bestille overnatting på Ninive.

Innanbygdsjegerar får framleis fortrinn, men må beskjed snarast om dei ynskjer å bruke hytta.

Vedtak:

Fjellstyret opnar for at jegerar som har samjaksavtale med Røldal Fjellstyre kan bestille overnatting på Ninive.

Innanbygdsjegerar får framleis fortrinn, men må beskjed snarast om dei ynskjer å bruke hytta.

Samrøystes

